



Frode Aakre frå Herøysundet er ein trufast fiskar i Uskedalen. Her fiskar Aakre med floge i Dønhaughølen.

Sist helg må reknast som ei av dei beste fiskehelgane i Uskedalen denne sommaren. Innrapportert fangst var på heile 32 fiskar, fordelt på laks og aure. Etter opninga 1. juni var det mest berre aure. No er laksen på plass og det vert faktisk fiska noko meir laks no enn aure. Den største fangsten denne helga var ein laks på 7,9 kg, teken på sluk av Knut Inge Eidsvik.

Lite vatn førte til at Uskedalselva var stengd for fiske i ein periode fram til laurdag 20. juli. Med mykje nedbør i helga vart elva opna for fiske fram til måndag kveld kl. 18. Fiskarane vart kjapt på plassen og fangsten kom opp i over 30 fiskar. Om lag halvparten av desse vart sette ut att.

Fiskeplassane er som før Nedre Fet, Dønhaughølen, Kjærland, Døssland, Haugland og Musland. Det er også teke fisk i Børsdalselva. Det vert brukt både makk, floge og sluk.

Den totale fangsten til no i Uskedalselva er på 284 kg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal